



Fedje kommune

Fedje skule

Alf-Rune Uthaug
Grunnavågsvegen 70
5354 Straume

Referansar:
Dykkar:
Vår: 23/334 - 23/3740

Sakshandsamar:
Stine Storemark Nordby
stine.storemark.nordby@fedje.kommune.no

Dato:
30.06.2023

Skuleåret 2023-2024

Håpar de alle har fine sommardagar og at de nyt sommarferien. Me planlegg nytt skuleår og gler oss til å treffe dykk att.

FØRSTE SKULEDAG ER TORSDAG

17.AUGUST.

Me møtast til felles oppstart i
kantina kl 08.30



Føresette til elevane i 1.klasse er hjarteleg velkomne til å følgje sitt born. SFO er stengt 16.aug grunna planlegging.

Noko nytt

Til hausten er det fleire nye tilsette ved skulen, både lærarar og fagarbeidarar. Joakim Stave er ny lærar hjå oss. Lisa Husa og Mette Husa er nye fagarbeidarar. Me ønskjer dei varmt velkomne til oss. Leit er det at Ole, som har vore lærar hjå oss dei seinare åra, skal slutte. Me ønskjer han all lukke til vidare. Frå 1.sept vil Fredrik Henriksen og verte ny lærar. Velkommen!

Silje skal fortsetje som skulelos eitt år til i prosjektstillinga ho byrja i førre skuleår og helsesjukepleiar skal halde fram med kontordagar på skulen. Både skulelos og helsesjukepleiar er gode og viktige støttespelarar kring elevane sitt trygge og gode skulemiljø.

Tove Nordseth skal er konstituert ass.rektor ut desember i ein den av si stilling ved skulen. Ho skal framleis vere kontaktlærer, men skal og arbeide administrativt. Eg håpar me får til ei løysing som kan fungere godt for både elevane og Tove.

Natalia Kalmykova fortset sitt arbeid kring dei minoritetsspråkelege elevane våre.

Skulen har inngått eit samarbeid med Austrheim vgs kring faget Arbeidslivfag. Elevane i ungdomsskulen som har valt dette faget skal kvar tysdag reise til Austrheim vgs kl 11.50 for å få undervisning der saman med elevar frå andre ungdomsskular (Solund, Årås, Lindås). Dei kjem tilbake med ferja kl 15.10 frå Sævrøy. Det er ikkje heilt klarlagt oppstart – meir informasjon kjem ved skulestart.

Foreldremøte for skulen og SFO

Me tek sikte på foreldremøte i løpet av september. Meir informasjon kjem.

Skulekvardagen

Skuledagane startar kvar dag kl 08.30. Sjå vedlagt informasjon. Tysdag er det kort skuledag for alle elevane (utanom dei som har arbeidslivsfag).

I år har ungdomsskulen tre lange dagar: måndag, onsdag og torsdag. Skuleruta med oversikt over ferie- og fridagar ligg vedlagt. Den finn de og på kommunen si heimeside.

Leksehjelp:

Skulen skal gje tilbod om 8 timar leksehjelp for veka fordelt på 1.-10.trinn. Fedje skule gjev tilbod om leksehjelp for 5.-8.klasse på tysdagar frå kl 11.50-13.00 og torsdagar for 5.-7.kl frå 13.50-15.50. 8.klasse skal ha leksehjelp på måndagar frå kl 14.40-15.30. Dette grunna at fleire av elevane i 8.kl ikkje kan delta på leksehjelp på tysdag då dei er på Austrheim. Påmeldingskjema kjem heim ved skulestart.

Læringsplattform:

Skulen nyttar Teams Education som digital læringsplattform for elevane.

I tillegg nyttar me foreldreappen Visma Flyt Skule der de mellom anna kan motta meldingar frå skulen, finne vekeplanen for elevane, sende meldingar til kontaktlærarar og melde om fråvær. Last ned appen Min skole Foresatt og logg inn med ID-porten.



Skulemjølk:

De kan bestille skulemjølk og andre produkt via www.skolelyst.no.

Produkta ein kan velje mellom er:

- Lettmjølk 1%
- Lettmjølk 0,5%
- Lettmjølk kakao
- Appelsindrikk

- Laktosefri lettmjølkk
- Drikkeyoghurt med bringerbærsmak.

Klassane:

I år er det 7 elevgrupper på skulen. 1.-4.klasse vil vere på nyeskulen, 5.-7.klasse nede i gongen på gamleskulen og 8.-10.klasse oppe i gongen på gamleskulen. Det vil vere fag der klassane er samanslått og fag der klassane er åleine.

Til 1.klasse:

Den første skuledagen er ein merkedag i livet. Ei god oppleving av skulestart er eit godt grunnlag for trivsel og læring vidare i skuleløpet. De føresette er hjarteleg velkommen til å følgje dykkar born første skuledag. Alle elevar skal kjenne seg trygge på skulen. Elevane skal verte høyrde, og deira oppleving av korleis dei har det skal bli tatt på alvor. Skulen skal inspirere og motivere eleven frå første dag. Me skal hjelpe kvar elev til å strekkje seg litt lenger.

Nokre born som kjem til skulen kan allereie lese, andre kan det ikkje. Me skal saman med dykk heime sørge for at starten vert god. Læraren skal møte eleven der han er, både fagleg og sosialt, og sørge for daglege utfordringar og mykje læringsglede. Me på skulen er oppteken av at leik skal ha ei sentral rolle i skulekvardagen i 1.klasse. Leik er ein god læringsarena både fagleg og sosialt.

Dersom de lurar på noko kring skulestart må de berre ta kontakt.

Me ønskjer dykkar born velkomen til skulestart!

SFO:

De finn informasjon om SFO på heimesida til kommunen, www.fedjekommune.no
Der finn de opningstider, priser og vedtekter.

- Søskenmoderasjon 30%
- Elevane i 1. og 2.klasse får tilbod om 12 timar gratis SFO i veka. Her hjå oss får ein tre dagar gratis SFO veka. Det vil seie at dersom ein tingar 5 dagar på SFO så betalar ein berre for 2 dagar. Opphald på 3 dagar eller mindre vert gratis.

Mobbeombodet i Vestland:

Mobbeomboda jobbar for at barn og elevar skal ha det trygt og godt. Dei kjenner rettane til barn og unge, og kan fortelje korleis du går fram om eit barn ikkje har det bra. Alle kan ta kontakt med mobbeomboda. Dei har teieplikt, og kjem ikkje til å seie noko vidare utan at du ynskjer det.

Alle kan ta kontakt med mobbeombodet. Ring 57 30 03 33 eller send e-post til mobbeombod@vlfk.no.

Du kan og følgje dei på Facebook eller på Instagram.

Sjå eller vestlandfylkeskommune si heimeside for meir informasjon, www.vlfk.no/mobbeombodet

Me gler oss til me treffast, men først skal me nyte sommaren 😊

Med helsing

Stine Storemark Nordby
Konstituert rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Skulerute 23-24
Fedje skule 2023-2024

Mottakarar:

Alf-Rune Uthaug	Grunnavågsvegen 70	5354	Straume
Anita Hatlem Villanger	Stormarkvegen 166	5947	Fedje
Bjarte Tvedt Villanger	Stormarkvegen 69	5947	Fedje
Bjørn Ove Hvidsten	Sjånesvegen 5	5947	Fedje
Bjørn Ådne Kvalvik	Rognsvågen 64	5947	Fedje
Camilla Osebakken	Skotholmevegen 25	5947	Fedje
Camilla Storsæter	Kalvedalen 16	5947	Fedje
Hanna Zakharenko	Husøyna 47	5947	Fedje
Hege Rong Corneliussen	Husøyna 65a	5947	Fedje
Ilka Verhofstad	Husøyna 53	5947	Fedje
Ine-Beate Storemark	Husøyna 25	5947	Fedje
Jan Erling Borge	Stormarkvegen 74	5947	Fedje
Janne Hegrenes Rognsvåg	Sjånesvegen 33	5947	Fedje
Kamilla Bjerkholt Kleppe Karlsen	Fedjemarka 22	5947	Fedje
Katrine Fagerlid Wiken	Flundrevågsvegen 30	5947	Fedje
Kjersti Nilsen Torstensen	Skotholmevegen 36	5947	Fedje
Kristine Fagerthun Jensen	25 Myrdal	5878	BERGEN
Maryna Leonidivna Zherdieva	Muren 23	5947	Fedje
Mette Husa	Stormarkvegen 15	5947	Fedje
Mia Krüger Etokebe	Stormarkvegen 54	5947	Fedje

Mottakarar:

Monika Maria Animucka	Stormarkvegen 339	5947	Fedje
Nadine Gutte-Preusse	Fyrsundvegen 39	5947	Fedje
Olena Dozmarova	Stormarkvegen 61	5947	Fedje
Pavlo Babenko	Husøyna 36	5947	Fedje
Pål-Eirik Holgersen	Husøyna 21	5947	Fedje
Ragnhild Gausemel Husa	Mulevegen 118	5947	Fedje
Ragnhild Kvanneid Hagen	Vidnappsvegen 31	5947	Fedje
Silje Sulen Gullaksen	Kremmarholmen 2	5947	Fedje
Solrunn Gullaksen	Husøyna 5	5947	Fedje
Stian Storemark	Mulevegen 82	5947	FEDJE
Stine Mari Gullaksen Storemark Nordby	Flundrevågsvegen 15	5947	Fedje
Svitlana Sokolovska	Kremmarholmen 27	5947	Fedje
Tonje Hernar Gullaksen	Mulevegen 21	5947	Fedje
Viacheslav Polchenko	Stormarkvegen 150	5947	Fedje
Willy Opsahl	Stormarkvegen 30	5947	Fedje
Yuliia Laptieva	Mortevikvegen 8	5947	Fedje